

LOKALNYHEITER VINDKRAFT GULESLETTENE VINDKRAFTVERK ZEPHYR

- Guleslettene vil generere 29 lokale årsverk





Prosjektleder Arild Fjellidal, Zephyr, på FIN's møte onsdag 27. november. Foto: Liv Standal

Av [Liv Standal](#)

03. desember 2019, kl. 06:00 ▼

FLORØ: Det opplyste prosjektleder Arild Fjellidal til Flora Industri- og Næringsforening i førre veke.

DEL



– Guleslettene har fått mykje motvind, det kan vere greitt å få det balansert litt, sa leiar Gustav Johan Nydal då han introduserte prosjektleiar for Guleslettene-utbygginga, Arild Fjelldahl, under gårsdagens møte i Flora Industri- og Næringsforening (FIN).

Ti trailerlass per turbin

Fjelldahl gav ei punktvis oversikt over kor prosjektet står per i dag.

Av dei vel 39 kilometrane med internveg som skal byggast på området, står 33.526 m ferdig no, og dei 37 fundamenta som vindturbinane skal stå på, er på plass.

– Stangeland Maskin, som bygger vegane, planlegg stans i arbeidet i januar/februar for vinteren, ettersom det er svært krevjande å halde på om vinteren.

Fjelldahl fortalde at det har pågått ei tilpassing av vegen mellom Florø og Magnhildskaret for den planlagde turbin- og transformatortransporten. Sistnemnde vil starte i slutten av mars, så denne tilpassinga skjer no.

– Det dreiar seg om ca ti store trailerar per turbin som skal oppover, og så kjem transformatortransporten i tillegg. Denne har vi ikkje tal på, men til saman vil det dreie seg om mellom 600 og 650 lastebillass, sa Fjelldahl og opplyste at Haukåtunnelen har blitt litt utvida for at turbinblada skal komme gjennom.

Nokre Zephyr-fakta

Zephyr har kontor i Sarpsborg, og er eigd 50% av Østfold energi, medan Vardar og Glitre energi har 25% kvar. Dei har 10 tilsette.

Zephyr har bygd vindparkane Mehuken, Midtfjellet og Tellenes. No held dei på med Guleslettene og startar utbygging av vindkraft i Haram kommune i januar. Dei skal òg drifte Kvitfjell og Raudfjell vindkraftverk på Kvaløya i Troms.

Zephyr utvikla Guleslettene over 10 år før Black Rock kjøpte prosjektet.

På sikt ønsker dei å utvikle vindkraft på Island.

Ein skal også forsterke vegen på austsida av tunnelen og det vil bli gjort ein del endringar på fleire svingar nord for Haukåtunnelen.

Vidare er servicebygget er godt i gong, der pågår det innvendige arbeidet no, og ein skal vere ferdig i februar. Ein er snart ferdig med stålarbeidet på koplingstasjonen i Magnhildskaret og leidningen mellom Svelgen og Ålforten blir spenningssett i haust.

– Transformatoren i Ålfoten blir etter planen spenningssett 17. desember. Der hadde vi eit havari i haust, men fordi vi hadde bestilt to nesten identiske transformatorar, blei det berre to vekers forseinking.

Tre totalentrepriser

Det er inngått 3 totalentrepriser for Guleslettene – ein med Vestas for levering av dei 37 turbinane, ein med Stangeland Maskin for bygging av vegar, kranoppstillingsplassar, fundament, varmestove og så vidare, og ein med VEO for hovudtransformator. Her er det mange lokale underleverandørar, som DK betong, Circle K, Ramsdal Maskin, Gravdal bygg og mange andre. NCC er Stangelands underleverandør og Allbygg, Florø Bygg, Bjerck og Brendø maskin er nokre av dei lokale underleverandørane til dei igjen.

Guleslettene vindkraft

Installert effekt: 197,4 MW

Årleg produksjon: 700 GWh

Planområde: 29 m²

Internvegar: 39,6 km med ei breidde på mellom 4,5-5,5 m.

Guleslettene kan forsyne 43.750 einestader i året med straum.


Vil også innehalde transformatorstasjon og servicebygg ved Magnhildskaret. Servicebygget blir på 523 m², over to etasjar. Elles skal det komme ei varmestolve på 100 m², lysløype, fiskebrygge og rasteplassar inne på fjellet.

100 prosent av kraftproduksjonen dei 15 første åra er kjøpt av Alcoa Norway ANS.

Vindkraftverket skal settast i drift hausten 2020, og har ei 25 års driftsavtale med Vestas Norge. Det er Zephyr som har ansvar for drift og vedlikehald av anlegget, som skal demonterast i 2045.

Fjell Dahl opplyste at eigarane av Guleslettende Vindkraftverk vil betale selskapskatt i Norge i tråd med norske skattereglar.

ANNONSE



Nye
HUAWEI WATCH GT 2
Sportsklokke med innle...
HUAWEI
MAKE IT POSSIBLE

– Basert på eit estimat på straumprisane trur vi det blir mellom 700 og 900 millioner kroner på 25 år. Investeringa i vindkraftverket er på opp mot 2 milliardar kroner, og den kan utgiftsførast over fem år. Difor blir det ikkje betalt skatt

dei første åra.

På TV2-nyheitene kom det førre helg fram at Guleslettene vindkraftverk blir eigd av Williamstown Renewable Finance II DAC, eit irsk selskap som igjen er eigd av Black Rock-fondet Global Renewable Power II. Der kom det også fram at tre av dei fem selskapa som utgjer fondsstrukturen i Global Renewable Power II er registrerte på Cayman Island.

– Bruken av Cayman Island og irske organisasjonsformer som blei avslørt hos TV2 har ingen påverknad på kor mykje skatt som blir betalt i Norge, eller kor mykje skatt investorane må betale i sine heimland, hevda Fjelldahl.

Det er det same svaret som TV2 fekk då dei stilte desse spørsmåla.

Drift: 29 lokale årsverk

Norconsult og Agenda Kaupang har laga ein studie på samfunnsmessige verknader av Guleslettene Vindkraftverk, som mellom anna omhandlar samfunnsøkonomiske aspekt ved vare- og tenesteleveransar og tilhøyrande sysselsetting. Fjelldahl opplyste at dei norske vare- og teneesteleveransane til utbyggingsprosjektet er berekna til 439 mill, eller 22 prosent av totalinvesteringa. Regionale leveransar frå fylket er berekna til 265 millionar kroner, og dei lokale til knappe 250 millionar kroner. Det er hovudsakleg bygg- og anleggsbransjen som står for desse tala, men også noko verkstad, industri og varehandel

Utbygginga har nasjonalt gitt ca 340 årsverk, lokalt ca 130.

– I driftfasen vil det, med ringverknader, vere snakk om 29 lokale årsverk.

Då er det tale om dei totale ringverknadane. Størstedelen av dei 29 stillingane kjem frå offentleg tenesteyting og kraft og vassforsyning, men det er også lagt inn fem stillingar frå varehandel, overnatting og servering.

For å berekne samfunnsøkonomiske verknader av vindparken i driftfasen, har ein teke utgangspunkt i driftsbudsjettet for det første heile året - det vil seie 2021, og berekna norske, regionale og lokale andelar av vare- og tenesteleveransane.

Turbinane skal spenningssettast ca 1. juli og heile vindparken skal vere ferdig 15. oktober 2020. Av dei 37 turbinane vil 18 bli ståande i Flora, eller rettare sagt, Kinn kommune, og 29 i vil stå på Bremanger-sida av kommunegrensa.

Lik Firdaposten på Facebook



Les meir om: [lokalnyheiter](#) [vindkraft](#) [Guleslettene vindkraftverk](#) [Zephyr](#)

Sjå kommentarar

Fleire saker



Har fått på plass avbøtande tiltak på over ni millionar kroner

ANNONSE



ANNONSE



Kjøp ATV og tilh maskiner

 anvema.no



Zephyr: - Restverdien av 12 år gamle vindmøller er garanti god nok for opprydding



Åsen og Øvreid klagar på Helse Førde-vedtak



Forlik i arbeidsrettssaka



Dei kloke og allmektige OED og NVE

Kommentarer til denne saken

Eldste

Nyeste

Populære

[Debattregler](#)

Du skriver som: [Roy Ove Svarstad](#) ▾

Kommenter

Til toppen